

PRESSEMELDING

Alle born og unge skal kunna få vera med i arbeidet med å utarbeida Voss herad sin nye klimaplan



Me vil ha med oss born og unge til å laga klimaplan for heile Voss herad!

Me har laga eit heilt nytt undervisningsopplegg om klima, miljø og natur. Dette set me i gang med over nyttår, og me håpar alle born og unge som vil, er med å laga den nye klimaplanen, Vossaklima 2030.

Korleis kan me få til grøn omstilling i Voss herad?

Klimaplanen me skal laga heiter [Vossaklima 2030](#), og denne skal gje mål og visa retning for klimaarbeidet i heile heradet i tida fram mot 2030, og vidare. Dette vert viktige verktøy i arbeidet med å møte dei mange utfordringane me får på grunn av klimaendringane. Men planen skal også syna alle moglegheitene som kjem med ei grøn omstilling. Men me vil ha med oss born og unge i dette arbeidet, og inviterer no alle born og unge til å vera med.

Både Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltar i Vestland har bidrege i finansieringa av storsatsinga som no inneber at alle barnehagar, barneskular, ungdomsskular, vidaregåande skular og Vaksenopplæring får sjans til å medverka gjennom eit eige undervisningsopplegg.

Å kunna få innspel frå born og unge er viktig for oss no når me skal laga ein klimaplan for framtida, seier ordførar Hans- Erik Ringkjøb. Viss me skal gjera ting på ein betre måte for born og ungdom i framtida, må me høyra på kva dei synes! I undervisningsopplegget får ungane våre vera ekspertar i det dei faktisk er ekspertar i – nemleg å vera barn eller ung på Voss i dag, avsluttar ordføraren.

Det ferdige undervisningsmaterialet er resultatet av ein lang og grundig utviklingsprosess. Fleire workshops og høyringsrunder med interne arbeidsgrupper, politikarar, ungdomsrådet - og ikke minst, oppvekstsektoren ligg bak. Det heile har vorte til i tett samarbeid med konsulent Mathew Stiller Reeve.

Undervisningsmateriala er ei blanding av informasjon om klima og klimaendring, diskusjonsspørsmål og video. I videoen forklarar ordførar kva ein klimaplan er og inviterer born og unge til å verta med i planarbeidet:



https://youtu.be/_yEnNIKDsUI

Undervisningsopplegget skal frå januar av kunna nyttast rundt omkring i dei mange klasseromma i Voss herad. Ungar, elevar og studentar skal få tid på seg til å svara på nokre viktige spørsmål som dei kan senda inn etterpå. Svara kan vera i form av skriftlege innlegg, teikningar eller som ordsky.

Berekraftig utvikling er ein del av [fagfornyinga](#) og lærarane er opptekne av kva dette betyr for deira fag», seier kommunalsjef for oppvekst, Frode Monsen. Monsen held fram: «Klima og berekraft er viktige tema i skulane, men dette undervisningsopplegget handlar og om lokalt medborgarskap – at ungane kan påverka plassen dei bur. Born og unge har ikkje røysterett, men i arbeidet med Vossaklima 2030 kan dei delta. Dette blir ein fantastisk sjanse for ungane til å læra meir om både berekraft og klima, lokalsamfunn og fellesskapet.

Nettopp for å nå ut til flest mogeleg, er alle i heile oppvekstsektoren i Voss herad invitert. Etter kva me kjenner til, er ei slik satsing ikkje gjort tidlegare, så det er som nybrotsarbeid å rekna det Voss herad går i gang med over nyåret.

Gunnhild Utkvitne er prosjektleiar for arbeidet med Vossaklima 2030 og gler seg til å sjå resultatata av satsinga og til å lesa alle innspela som kjem inn.

Me håpar på å få inn masser av innspel, seier Utkvitne. Ho held fram: Me lovar å lesa gjennom alt! Og, på vårparten vil ordførar laga ein ny video der han fortel korleis innspela har vorte nytta i arbeidet med Vossaklima 2030.

Gunnhild fortel og at det vert mogeleg for barnehager og skular å "låna" ein tinghustilsett eller politiskar til å vera med ute i klasseromma når borna skal starta opp undervisninga. Slik får me på ein god og fin måte synt at Voss herad tek born og unge på alvor, avsluttar Utkvitne.

For meir informasjon, ta kontakt med Gunnhild Utkvitne i Voss herad:

Gunnhild.Utkvitne@voss.herad.no

Mobil: 480 14 580.